

---

Vår referanse 2020/57774-6  
Dato 05.03.2021

---

ATHENO AS  
Vabakkjen 6  
5411 STORD

## Svar - Søknad om driftstilskot Attraksjon Sunnhordland

Vi viser til søknad om driftstilskot til Attraksjon Sunnhordland, datert 26. oktober 2020. Der søker de om 1 000 000 kr. for 2021, og ber også fylkeskommunen om å bidra med 1 000 000 kr. for kvart av åra 2022 og 2023 som ein start.

Bakgrunnen for Attraksjon Sunnfjordland er at regionen ynskjer å synleggjere sin kompetanse og kapasitet for å kunne tiltrekke seg innanlandske- og utanlandske bedrifter og investorar. Regionen skal stå fram som ein kraftfull og koordinert heilskap.

De har ikkje søkt på ei av utlysingane til fylkeskommunen. Vi ynskjer at det vert søkt til etablerte støtteordningar, dette fordi det er slik vi sikrar lik handsaming og kan vekte kor godt dei ulike prosjekta treff satsingane innan innovasjon og næring. Ei satsing for å synleggjere ein region, og med dei aktivitetane som er nemnde er det truleg fleire regionar som ville søkt på dersom midlar hadde blitt lyst ut.

I søknaden dykkar omtalar de aktiviteten både som funksjon og prosjekt, men det er ikkje utarbeida ein detaljert prosjektplan eller definert eit klart tidsavgrensa prosjekt. Aktiviteten per preg av ein funksjon som skal etablerast utan tidsavgrensing, og at det er driftskostnader til denne som skal dekkast. Hovudutval for næring vedtok 12. mars 2020 retningsliner for verkemiddelbruk - innovasjon og næringsutvikling. I desse retningslinene blir det slått fast at driftskostnader i næringsverksemd eller organisasjonar normalt ikkje kan støttast om det ikkje er ein del av eit definert utviklingsprosjekt. Vi har ei ordning med samarbeidsavtalar med aktørar som er særleg viktige for å gjennomføre innovasjon og næringsarbeidet i Vestland, her er det opna for driftsstøtte. Søknadsfrist for denne ordninga var 19. juni 2020.

*Då de ikkje har søkt på ei støtteordning, og aktiviteten de har beskrive ikkje har form av eit tidsavgrensa prosjekt må vi dessverre avslå søknaden. Vi har ikkje disponible midlar i vårt budsjett prioritert til slike aktivitetar.*

Avslaget blir gjort i tråd med fullmakt som fylkesdirektøren har fått i retningsliner for verkemiddelbruk - innovasjon og næring. Her er det opna for å gje administrative avslag dersom prosjektet ikkje er innanfor gjeldande retningsliner og prioriterte satsingar.

Med helsing

Per Morten Ekerhovd  
settefylkesdirektør

Mette Nora Sætre  
seksjonssjef

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*